



Integreringsplan

Flyktningar i Lærdal



2019 – 2024

Planen er vedteke i kommunestyret i Lærdal kommune 27.03.19



1.0 Innleiing.....	s 3
1.1 Bakgrunn og arbeid med planen.....	s 4
1.2 Avgrensing.....	s 5
2.0 Integrering for flyktningar i Lærdal.....	s 5
2.1 Sjølvstende og likeverd.....	s 5
2.2 Kapasiteten til å busette fleire flyktningar.....	s 6
2.2.1 Bustader.....	s 6
2.2.3 Kompetanse.....	s 7
2.2.4 Nærliggande vaksenopplæring.....	s 7
2.2.5 Praksisplassar og arbeidsmarknad.....	s 7
2.2.6 Friviljuge organisasjonar.....	s 8
2.2.7 Teknisk- og driftssamarbeid innan kommunen.....	s 8
2.2.8 Kommunale tenester til flyktningar.....	s 8
2.3 Organisering.....	s 9
2.3.1 Roller og ansvar.....	s 9
2.3.2 Tverrfagleg flyktninggruppe.....	s 10
3.0 Styringsdokument.....	s 10
3.1 Overordna planverk.....	s 11
3.2 Strategiar.....	s 11
3.3.....	s 11
3.4 Forskrifter og rettleiarar.....	s 12
4.0 Økonomi.....	s 12
4.1 Integreringstilskot til kommunen.....	s 12-13
4.2 Norsktilskot til kommunen.....	s 13
4.3 Introduksjonsstønad til deltakar.....	s 14



4.4 Fasar i busettinga.....	s 14
5.0 Busetting av flyktningar i Lærdal kommune.....	s 14-15
6.0 Retningslinjer og rutinar for Lærdal kommune i flyktningarbeid og busetting.....	s 15-16
 6.1 Flyktingtenesta si oppgåve med å halde kontroll på plikter og rettar ved busetting..	s 16-17
 6.2 Tolketeneste.....	s 18
 6.3 Bustad.....	s 18-19
6.3.1 Inventar.....	s 19
6.3.2 Førarkort.....	s 19-20
6.3.3 Barnehage og grunnskule.....	s 20
6.3.4 Skulefritidsordninga (SFO).....	s 20-21
7.0 Introduksjonsprogrammet og kvalifisering.....	s 21
 7.1 Individuell plan.....	s 22
 7.2 Vidare utdanning.....	s 22-23
8.0 Helse- og sosiale tenester.....	s 23
 8.1 Kartlegge helsebehov ved busetting.....	s 23-24
 8.2 Flyktningar i foreldrepermisjon.....	s 24-25
 8.3 Idrett, kultur, fritid og frivilligheit.....	s 26



1.0 Innleiing

Denne planen er utarbeidd med bakgrunn i å lage eit verktøy for personar som arbeider med flyktingar i Lærdal kommune. I tillegg skal planen fungere som eit informasjonsskriv til flyktingar som vert busett. Planen inneheld informasjon om kva flyktingane kan forvente av tenester og oppfølging. Det er i tillegg lagt ved linkar til offentlege sider slik at ein enkelt kan finne informasjon.

Flyktingar som er omfatta av denne planen er personar som har fått godkjent oppholdstillating frå Utlendingsdirektoratet (UDI) <https://www.udi.no/>

Nokre av flyktingane har vore i asyl i Noreg og kjem frå asylmottak, medan andre er kvoteflyktingar og kjem til Noreg etter eit organisert uttak av UDI og FNs Høykommisær for flyktingar; <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-organisasjoner-fond-og-programmer/FNs-hoeykommissaer-for-flyktinger-UNHCR>

Den årlege kvota som kjem til Noreg vert fastsett av Stortinget etter forslag frå Regjeringa, formelt omtala som overføringsflykting.

Flyktingane som vert busett i Lærdal kjem etter avtale med Integrerings- og mangfalldirektoratet (IMDi) <https://www.imdi.no/>

IMDi sine hovudoppgåver er mellom anna:

- å samarbeide med kommunane om busetting, norskopplæring og grunnleggjande kvalifisering av flyktingar
- å følgje opp introduksjonslova
- å forvalte økonomiske verkemiddel innanfor integrerings- og mangfaldsarbeidet

IMDi ber norske kommunar busette 5350 flyktingar i 2019. Flyktingane er fordelt til kommunane etter vilkår fastsett av Kunnskapsdepartementet. IMDi oppmodar i samsvar med framtidig busettingsbehov.

Det er 245 innvandrarar i Lærdal kommune per januar 2019. 61 av desse er busette flyktingar (tidlegare 65). Desse 65 har vore busett i åra 2014-2018 med størst busetting i 2016 og 2017. I 2019 har Lærdal kommune fått oppmoring om å busette ytterlegare 10 flyktingar. Flyktingtenesta i Nav Lærdal har informert IMDi at kommunestyret ønskjer å busette 12 flyktingar i 2019.

1.1 Bakgrunn og arbeid med planen

Flyktingtenesta i Lærdal har tett samarbeid med flyktingtenesta i Aurland. Det er felles fagleiar for tenestene, og ein har felles introduksjonsordning for deltakarar i introduksjonsprogram når lærarar tek ut ferie. I fellesskap vart det drøfta behov for å ha ein plan som kan vere eit verktøy for tilsette og for informasjon til flyktingar som vert busett.

Det går ikkje fram av kommunal planstrategi at kommunen skal ha ein slik plan. Utfordringar og behov



lokalt, og i samfunnet elles, gjer at ein likevel ser det naudsynt å få på plass ein plan for integrering.

Integrering er eit felles kommunalt ansvar, og godt forankra og tverrfagleg innsats er avgjerande for å få dette til på ein god måte. Flyktingtenesta i Nav Lærdal har hatt hovudansvar for utarbeidning av planen. Underveis i prosessen har Flyktingtenesta vore i kontakt med IMDi, andre kommunar og nokre sentrale lokale aktørar for å sikre eit godt grunnlag for eit planforslag. Røde Kors, Frivillighetssentralen, leiande helsesøster, rektor på Lærdalsøyri skule, styrar på Lærdalsøyri barnehage, leiar for Nav Lærdal og rettleiar på Nav Lærdal har hatt planen til høyring.

1.2 Avgrensing

Planen skal danne grunnlaget for eit godt tenestesamarbeid. Det ligg ikkje føre tidlegare integreringsplan for denne tenesta i kommunen, men det ligg føre ein overordna flyktningplan utarbeida 30.06.2015, i startfasen då flyktingtenesta var etablert. Her er link til flyktningplanen:

<http://www.laerdal.kommune.no/getfile.php/4377809.1657.tblpnsijwbumt/Flyktningplan+for+L%C3%A6rdal.pdf>

Planen inneholder informasjon om bustadmarknaden, ulike tenester og roller i kommunen, friviljuge organisasjonar og aktivitetar i Lærdal, arbeidsmarknad og samarbeidspartar i flyktningarbeidet, offentlege rettleiingsdokument, kommunale tilskot og stønadsordningar for flyktningar i introduksjonsprogrammet, rettigheiter ved busetting og rutinar for flyktningtenesta.

2.0 Integrering for flyktningar i Lærdal

Integreringsplanen har som mål at flyktningar i Lærdal skal ha god livskvalitet og gode moglegheiter til utvikling og kvalifisering. Flyktningane skal få sjansen til å leve og bu sjølvstendig og verte økonomisk- og sosialt sjølvhjelpe.

Kommuneplan 2018 - 2030, samfunnssdelen:

"Som vertskommune for flyktningar skal me vere inkluderande og arbeida aktivt for at flyktningane vert likeverdige sambygdingar med andre tilflyttarar og fastbuande"

Å vere trygg er eit viktig utgangspunkt for å kunne finne seg til rette og utvikle seg. Brukarane treng rettleiing og hjelp til å orientere seg i det norske samfunnet og støtte i det å etablere seg på nytt i ein framand kultur.

2.1 Sjølvstende og likeverd

Det er viktig at flyktningane finn eigne mestringsstrategiar for å få eit kvalitativt godt liv i Lærdal. Gjennom metoden Empowerment ønskjer kommunen å styrka flyktningen til å ta ansvar for eigne val, eigne løysingar og handlingar med tett oppfølging og støtte frå flyktningtenesta. Flyktningtenesta vil rettleia og gje flyktningane verktøy for å kvalifisere seg best mogleg og meistra den norske kvardagen. Dersom flyktningtenesta ikkje kan rettleia sjølv, har ein eit koordineringsansvar slik at flyktningen kjem i kontakt med nokon som kan bistå.



På tur til
Undredal for å
utforske dyr og
natur i regionen



2.2 Kapasiteten til å busette fleire flyktingar

Å busette flyktingar er eit felles kommunalt ansvar, og flyktingtenesta kan ikkje busette viss ikkje resten av kommunen har kapasitet.

Viktige faktorar å ta omsyn til for å kunne vurdere kapasiteten i kommunen:

- * bustader
- * kompetanse til tilsette i kommunen
- * nærliggande voksenopplæring
- * praksisplassar
- * friviljuge organisasjonar
- * teknisk- og driftssamarbeid innan i kommunen
- * helsetenester og skule- og barnehagetenester

2.2.1 Bustader

Per januar 2019 er det ikkje ledige bustadar til flyktingar. Mange av dei som tidlegare har vore busett i Lærdal ønskjer større og betre bustad. Nokre bur i bustadar med låg standard. I Lærdal er det no fleire byggeprosjekt i gang som kan opne bustadmøgleheitene til personar som er vanskelegstilte. Det byggast eit stort kompleks med leilegheiter i Mari-Jakobsveg. Der er 2 leilegheiter avsett til



vanskelegstilte. I tillegg har Flyktningtenesta fått tilbod om 4 leilegheiter på Soldalbygget som skal stå ferdig vår 2019. Det er også nokre små leilegheiter som skal stå ferdig vår 2019 i Telthusvegen.

Det er ei utfordring å frigjere flyktningbustadene, men flyktningtenesta bidrar i informasjon- og rettleiing i høve til å kjøpe seg bustad i Lærdal kommune. Flyktningar, som andre vanskelegstilte, har høve til å søkje om startlån og tilskot til etablering gjennom Husbanken sine verkemidlar. Det er Nav Lærdal som handsamar desse søknadane for Lærdal kommune.

2.2.3 Kompetanse

Lærdal kommune har oppretta flyktningteneste, som skal ha og tilegne seg kompetanse på flyktningfaget. Tilsette i tenesta har utdanning på bachelor- og masternivå innanfor sosial, integrering- og pedagogikkfaget. Flyktningtenesta opplever ofte å måtte tilegne seg kunnskap om andre tenester for å gje service til flyktningar i busettingsfasen.

Flyktningtenesta set flyktningar i kontakt med tenester som har kompetanse på ulike felt; psykiatrisk sjukepleiar, helsesøster, lærarar på barne- og ungdomsskule, vaksenopplæring, friviljuge organisasjoner, køyreskular, arbeidsgjevarar.

2.2.4 Nærliggende vaksenopplæring

Lærdal kommune har oppretta eigen vaksenopplæring hausten 2016. Det vart bygd klasserom i 1. etasje på Rådhuset, og elevane fekk eit sentrumsnært opplæringstilbod med kvalifiserte lærarar.

Denne lokaliseringa har gjort samarbeid mellom flyktningtenesta og vaksenopplæringa tett og bra. Det er låg terskel for kontakt og ein samarbeider om individuelle elevar, samt organiseringsspørsmål.

2.2.5 Praksisplassar og arbeidsmarknad

Det er mange bedrifter i Lærdal som har praksisplasskontrakt med ein flyktning. Flyktningtenesta prøver å vere synleg på arbeidsmarknaden slik at ein etablerer god kontakt med arbeidsgjevarar. Ein oppmodar flyktningen til å gjere eit godt inntrykk ved å ta initiativ, og å vere positiv, slik at ein kan få ein god referanse og eit godt utbytte av praksisen. Det kan potensielt vere ein framtidig arbeidsgjevar.

Arbeidsmarknaden og arbeidsplassane er det viktigaste verkemiddelet for integrering. Difor brukar både flyktningtenesta og Nav tid på å matche flyktningen sine interesser, erfaring og eventuelt utdanning med arbeidsgjevarar. Når flyktningen har tilstrekkeleg med norskunnskapar skal dei prøve seg i arbeidslivet.

I arbeidet med å finne praksisplassar og verksemder som flyktningane kan få arbeid i brukar vi følgjande oversikt:

<http://www.laerdal.kommune.no/hovudarbeidsoppgaaver.393617.no.html> Link: «Verksemder i Lærdal»



2.2.6 Friviljuge organisasjonar

Flyktingtenesta har eit koordineringsansvar i høve til å sette flyktningen i kontakt med friviljuge organisasjonar dersom vedkomande har behov eller ønskje dette.

Mange flyktningar har nok med å sette seg inn i alle dei obligatoriske krava dei må gjennomføre i startfasen etter busetting, så det tek ofte noko tid før flyktningen ønskjer å komme i kontakt med friviljuge organisasjonar. Leksehjelp frå Frivillighetssentralen er som regel den første friviljuge organisasjonen flyktningane vert kjent med. I tillegg er Røde Kors ein hyppig samarbeidspart. Barn vert sett raskt i kontakt med idrettslag. Meir om friviljuge organisasjonar i kapittel 5.

2.2.7 Teknisk- og driftssamarbeid innan kommunen

Det er teknisk etat som har driftsansvar for dei kommunale leilegheitene som flyktingtenesta leiger. Ved feil eller manglar tek flyktingtenesta kontakt med teknisk etat for bistand.

Flyktingtenesta ønskjer å fastsette ein fast kontrollplan for halvårleg gjennomgang i kommunale leilegheiter. Gjennomgangen skal vere førebyggande i høve til skade eller brot på husleigekontrakta, som til dømes røyking inne eller feilbruk av elektrisk- eller teknisk utstyr. Døme brannalarmer, ventilasjon, fukt m.m. Teknisk etat har ansvar for å gjennomføre kontrollen.

2.2.8 Kommunale tenester til flyktningar


I kapittel 5 vert det skildra kva helsetenester som er naudsynt i busettingsfasen og i vidare helse- og førebyggingsarbeidet. I tillegg vert det skildra skule- og barnehagetilbodet til flyktningar i Lærdal kommune.

Flyktningar har rett på alle kommunale tenester som resten av innbyggjarane i Lærdal har. Det som er forskjellen er at flyktningane ikkje veit kva dei har rett på og kva som er lovpålagt at dei gjennomfører. Dette må flyktingtenesta bistå med, men einingane som yt tenestene har i tillegg like mykje ansvar å gjennomføre dette som til andre innbyggjarar. Flyktingtenesta kan hjelpe med koordinering, vere til stade på innskrivingssamtale på barneskulen, første møte med barnehagen m.m.

Dei ulike einingane i Lærdal kommune gjev tenester til flyktningar utan å avvise grunna kapasitetsproblem. Ein har kjennskap til at dette har vore utfordrande i periodar, men einingane har gjort det dei kan for å gje eit godt tilbod til flyktningane.



2.3 Organisering




Flyktningar i introduksjonsfasen skal vende seg til NAV for å få sosiale tenester, der flyktningtenesta er lokalisert.

2.3.1 Roller og ansvar

Flyktningtenesta skal ha kunnskap om lovverk og rammer, og om kva kommunen og samarbeidspartane kan tilby den einskilde. Vidare skal flyktningtenesta samarbeide tett med friviljuge og skape seg nettverk utanfor kommunen for å bygge kompetanse og hause gode erfaringar og idear som kan nyttast i Lærdal.

Frå starten vil flyktningtenesta ha ei viktig rolle i livet til deltarane, men etter kvart som deltarane lærer seg det norske samfunnet å kjenne, vil integreringskonsulenten si rolle bli fasa ut. Brukaren vert då meir ansvarleg for å forholde seg til andre aktørar som arbeidsgjevar, opplæringsinstitusjon, helseetaten, NAV, friviljuge organisasjonar og liknande. Dette vil vere ønskjeleg for å gje dei eit likeverdig og sjølvstendig liv.

Av erfaring ser ein at perioden der flyktningen søker hjelp av flyktningtenesta varer lenge for mange (ikkje alle). Det er fordi dei ofte ikkje har familie som kan hjelpe dei, systemet er framand og byråkratisk språk kan vere vanskeleg.



Flyktningtenesta – eit knutepunkt for samarbeid og koordinering av tenester

2.3.2 Tverrfagleg flyktninggruppe

I Lærdal har Flyktningtenesta teke ansvar for å etablere ei tverrfagleg flyktninggruppe som skal ha jamne møter for å auke samarbeid til det beste for integrering av flyktningar, førebygge problem, hjelpe kvarandre med saker og kompetanse og vere ein informasjonsarena. Møta held til på NAV Lærdal kvar 2.-3. månad.

Den tverrfaglege flyktninggruppa:

- Flyktningtenesta i NAV, fagleiar er møteleiar og ansvar for innkalling
- Representant frå NAV
- Styrar, Lærdalsøyri barnehage
- Rektor, Lærdalsøyri skule og Vaksenopplæringa
- Leiande helsesøster og helsesøster på grunnskulen
- Psykiatrisk sjukepleiar
- evt Pedagogisk rådgjevar v/ behov

I tillegg til flyktninggruppa vert det ved behov oppretta tverrfaglege møter i særskilde saker eller prosjekt.

3.0 Styringsdokument

Integreringsarbeidet i Lærdal er omfatta av både nasjonale, regionale og kommunale planar, lovar og reglar. Det finst ei rekke lovar, reglar og planar som gjeld for alle innbyggjarar i kommunen. Desse gjeld òg i høve til gruppa omtala i denne planen. I tillegg er det nokre regelverk og rettleiingar som gjeld særskilt for denne gruppa, desse vil vi kort nemne her.



3.1 Overordna planverk

«Stortingsmelding 16 (2015-2016) Fra utenforsk til ny sjanse»

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20152016/id2476199/>

«Stortingsmelding 30 (2015-2016) Fra mottak til arbeidsliv- en effektiv integreringspolitikk»

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20152016/id2499847/>

«Stortingsmelding 6 (2012-2013) En helhetlig integreringspolitikk, Mangfold og fellesskap» - gjev føringar for korleis me kan få til ei god integrering <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-6-20122013/id705945/>

3.2 Strategiar

Lærdal kommune ønskjer å inkludere flyktningane i kvardagsleg kultur, arrangement og Lærdal sine stolte kulturarv. Døme: Vise Lærdal sin natur gjennom turar arrangert av flyktningtenesta eller turlaget. Introdusere dei for ulike lag og organisasjonar, undervise om lokalhistorie.

Målsetting: Alle trivst og at flyktningane kan adoptere den norske dugnadsånden.

- Vi er gode på framsnakking
- Vi bygger våre tenester på respekt og samarbeid
- introduserer flyktningar for dugnad
- Kommunen legg vekt på førebygging gjennom tidleg innsats og opptrening
- kommunen skal legge til rette for høg trivsel, god læring og attraktive fagmiljø. Det viktigaste er å styrke kompetansen til flyktningen slik at dei kan ta arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram.

Det er ein målsetting for Lærdal kommune at 70% av flyktningane skal ha arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram (personar som får uføretrygd på grunn av redusert arbeidsevne er ikkje med i denne statistikken).

Barna skal få ein kvalitativ god oppfølging på skulen, der dei får ekstra norskundervisning. Dette skal vere eit avgrensa tilbod fram til eleven klarar å følgje vanleg norskundervisning.

3.3 Lovgrunnlag

- Utlendingsloven handlar om utlendingane sin adgang til Noreg og deira opphold her
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-05-15-35>
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrerer, heimlar arbeidet rundt busetting av flyktningar <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>
- Opplæringslova § 2-8. Særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar heimlar rettane elevar i grunnskulen har til særskilt norsk, morsmål og tospråkleg fagopplæring
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Lov om rituell omskjering skal sikre at rituell omskjering av gutter vert utført på ein forsvarleg



måte, samt sikre at eit tilbod om rituell omskjerig er tilgjengeleg
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2014-06-20-40>

3.4 Forskrifter og rettleiarar

- Forskrift av 16.desember 2011 nr. 1255 om rett til helse- og omsorgstjenester til personer uten fast opphold i riket <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1255>
- Rundskriv G-01/2016 Rundskriv til introduksjonsloven
<https://www.regjeringen.no/contentassets/4b44b3ea29554b4aa1e9169829b75b78/g-01-2016.pdf>
- IS-1022 (2010) Veileder om helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familielegenforente <https://www.nsf.no/Content/420890/Helsetjenestetilbud32til32asyls-8kere32og32flyktninger.32Revidert32versjon..pdf>
- NOVA rapport 9/05: Omsorgstjenester med mangfold
http://www.nova.no/asset/565/1/565_1.pdf

4.0 Økonomi

4.1 Integreringstilskot til kommunen

Integreringsarbeidet i kommunen vert finansiert av staten. Kommunen mottar integreringstilskot ved busetting av flyktningar og personar med opphold på humanitært grunnlag, samt personar i familieinnvandring med desse. Integreringstilskotet skal dekke kommunen sine utgifter til busetting og opphold dei første 5 åra flyktningen er busett i kommunen. Tilskotet vert redusert etter flyktningen si tid i kommunen. Integreringstilskotet vert søkt straks etter ny busetting i kommunen og blir overført til kommunen. Utbetaling av integreringstilskot skjer automatisk dei påfølgjande åra.

Oversikt over kva integreringstilskotet er i 2019

Integreringstilskot	Sats
Busettingsår: År 1	Kr. 187 000,- (vaksne)
	Kr. 187 000,- (barn)
	Kr. 187 000,- (einsleg mindreårig)



	Kr. 237 000,- (einsleg vaksen)
År 2	Kr. 239 000,- (personar som har løyst ut tilskot for år 1 i 2017)
År 3	Kr. 171 000,- (personar som har løyst ut tilskot for år 1 i 2016)
År 4	Kr. 85 500,- (personar som har løyst ut tilskot for år 1 i 2015)
År 5	Kr. 71 600,- (personar som har løyst ut tilskot for år 1 i 2014)
Barnehagetilskot	Kr. 25 800,- (eingongstilskot)
Eldretilskot	Kr. 160 000 (personar over 60 år i integrerings-perioden)

I tillegg er det mogleg å få særleg tilskot til einslege mindreårige og tilskot til personar med kjende funksjonshemmingar.

4.2 Norsktilskot til kommunen

Staten yt skuletilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, jamfør introduksjonslova.

Grunntilskot: låg sats (1-3 pers.) kr. 185.000,- og høg sats (4-150 pers.) kr 575.000,- Personertilskot vert gjeve i 3 år med ulik sats avhengig av nasjonalitet og butid:

Tilskot år	Lav sats	Høg sats
Persontilskot år 1 (2018)	Kr. 13 600,- per pers	Kr. 31 900,- per pers
Persontilskot år 2 (2017)	Kr. 24 100,- per pers	Kr. 62 300,- per pers
Persontilskot år 3 (2016)	Kr. 15 000,- per pers	Kr. 43 350,- per pers

4.3 Introduksjonsstønad til deltakar

Flyktningar som deltek i introduksjonsprogrammet mottar introduksjonsstønad frå kommunen.

Stønaden utgjer 2 gangar grunnbeløpet i folketrygda (G) per år. Frå mai 2018 til mai 2019 er G kr. 96 883. Stønaden vert tildelt inntil 2 år, men kan forlengast til 3 år etter særskilt vurdering. Utover dette mottar flyktningane økonomiske ytingar på lik linje med resten av kommunen sine innbyggjarar som har behov for det, til dømes statleg bustønad og barnetrygd.

Deltakarane får trekk i stønaden om dei har fråvær frå introduksjonsprogrammet.



4.4 Fasar i busettinga

Arbeidet med å busetta flyktningar kan delast inn i fire fasar:

1. Utsøkingsfasen

Utsøkingsfasen omhandlar perioden frå Lærdal kommune får oppmoding om busetjing frå IMDi, og fram til flyktningane er fysisk busett.

2. Busetjingsfasen

Praktisk tilrettelegging i bustaden, barnehage- eller skulestart for dei med born, tannlege- og augesjekk, vitjing hjå politiet i Sogndal for reiseprov. Kartlegginga vert gjennomført i denne fasen, samt oppstart av introduksjonsprogram og tilrettelegging av dette. Den fyrste individuelle planen skal gjennomførast seinast 6 månadar etter oppstart i introduksjonsprogrammet.

3. Introduksjonsfasen.

Gjennomføring av det 2-årige introduksjonsprogrammet med norskundervisning, samfunnsfag, språkpraksis og eventuelle andre tiltak som inngår i den enkelte sitt introduksjonsprogram i samband med måla for individuell plan.

4. Oppfølgingsfasen

Når deltakar går ut av introduksjonsprogrammet har Lærdal kommune framleis oppfølging av deltakar. Jamfør lov om introduksjonsprogram har kommunen plikt til å følgje opp busette flyktningar inntil fem år etter dei har blitt busett. I denne fasen er det gjerne å yte hjelp med jobbsøking og utdanning som er det mest nærliggande. Til forskjell frå dei fyrste to fasane er det flyktning gjerne meir sjølvstendig enn tidligare. Den einskilde flyktning har sjølv hovudansvar for eige liv i nytt samfunn.

5.0 Busetting av flyktningar i Lærdal kommune

Busetjing av flyktningar er frivillig for kommunane. Når ein kommune har sagt ja til busetjing, er det i stor grad opp til kommunen sjølv å bestemme korleis dei skal busetta og gjennomføre integreringa i rammene som blir gjeve av norske styresmakter. Nedanfor er det skildra korleis busetjinga har blitt gjennomført sidan Lærdal kommune starta å ta i mot flyktningar i 2014, samt føringer og avgrensingar om kva som er flyktningtenesta i NAV Lærdal sitt ansvar i prosessen ved busetjing av flyktningar.

Lærdal kommune har totalt busett 65 flyktningar, inkludert born født i Lærdal, sidan 2014. Flyktningane har, med veldig få unntak, blitt busett sentralt på Lærdalsøyri då det grunna manglande kollektivtransporttilbod har vore vanskeleg å ha flyktningar utan førarkort buande lenger vekke enn



gangavstand frå vaksenopplæring, skule, barnehage og butikkar. Det har til tider vore utfordrande å finne passande bustadar då leigemarknaden i Lærdal har vore svært avgrensa. Dette vil truleg betra seg med tanke på byggjeprosjekta som vil verta ferdigstilte innan sommaren 2019. Det er eit uttalt ynskje og målsetjing om at flyktningane skal finne seg sin eigen bustad sjølv når den femårige integreringsperioden er over. Dersom dei busette flyktningane er misnøgde med bustaden er dei sjølv ansvarlege for å finne ein ny bustad.

Sjølve busetjingsprosessen skjer gjennom at flyktningtenesta melder til IMDi om kva ledig bustad som er tilgjengeleg, og Lærdal blir deretter tildelt flyktningfamilie eller einslege flyktningar som passar til bustaden. Flyktningtenesta sit med informasjon om alder, kjønn og tal flyktningar som skal inn i den aktuelle bustaden, og tilpassar bustaden i forhold til dette. Når flyktning(ane) kjem til Lærdal skal bustaden være møblert, internett- og straumabonnement skal være klart for signering saman med husleigekontrakt. Søknad om opplæring på vaksenopplæringa, introduksjonsprogram, sosial stønad i avvente av introduksjonsløn og husbank er søknadar som er gjort klare, slik at flyktning(ane) skal kome seg så raskt som muleg i gang med introduksjonsprogrammet og integrering.

Ved busetjing så ligg det òg eit etableringsvedtak som blir laga av flyktningtenesta i NAV Lærdal. Dette er ein standard ved alle busetjingar, og skal føre til at alle skal få dei same godane, samtidig som ein tek høgde for at ulike kulturelle og individuelle preferansar blir ivareteke gjennom eit fritt disponibel pengesum som kan gå til produkt som nykomne vel sjølv. Desse satsane blir justert dersom prisnivået endrar seg, satsar per desember 2018 er som følgjer:

- ✓ helsejekk (kr. 200,- per flyktning)
- ✓ tannlegesjekk (kr. 1700,- per flyktning)
- ✓ syntest hjå optikar (kr. 700,- per flyktning)
- ✓ ekstra midlar til klede eller andre produkt. Kvar flyktning får kr. 4000,-
- ✓ 1 stk Laptop i prisklasse omlag kr. 4000,- per busett familie er inkludert.
- ✓ Midlar sett av til kjøp av mobiltelefonar for overføringsflyktningar over 16 år. Omlag kr. 1 500,- pr telefon.

Dersom tannlege eller optikar avdekker store utfordringar på tannlege- og optikarsjekken som er inkludert i etableringsvedtaket, får flyktning hjelp av Flyktningtenesta til å søkje økonomisk hjelp frå NAV Lærdal til utgifter for briller og/eller tannlegeutgifter. Desse søknadane blir handsama på lik linje med tilsvarande søknadar i NAV.

For overføringsflyktningar vil ein òg gjerne ha andre oppgåver som blant anna sjukehusvitjing i samband med avdekking av eventuell tuberkulosesmitte, innmelding til folkeregisteret for personnummer, vitjing hjå politi for reiseprov.

6.0 Retningslinjer og rutinar for Lærdal kommune i flyktningarbeid og busetting.

Det er utarbeidd ei rekke rutinar og retningslinjer for Lærdal kommune. Korleis ein har komen fram til desse er basert på erfaringar frå tidligare busetjingar, samt kjennskap til kva samanliknbare kommunar tilbyr av møblement og materielle godar ved etablering. Sentralt i busettinga er at dei nykomne skal kunne flytte rett inn ein bustad med fasilitetar som gjev ein godkjent livsstandard slik at fokus frå starten



av blir vinkla mot integrering og språkopplæring, ikkje mot potensielle praktiske problem i samband med bustad og butilhøve.

Kvar deltakar/busett får ein perm med vedtak, lovverk, husleigekontrakt, viktige telefonnummer, og etter kvart integreringsplanen som omhandlar retningslinjer og rutinar for Lærdal kommune i flyktningarbeid og busetting. For flyktningar som blir busett frå asylmottak så sender flyktningtenesta over eit informasjonsskriv på deltakaren sitt eige språk før sjølve busetjinga. Der er det informasjon om introduksjonsprogrammet, fråværssreglar, generelle reglar rundt busetjinga, informasjon om Lærdal kommune, samt eit skjema der deltakaren signerar om ein takkar ja til busetjinga i Lærdal.

Ved busetjing vil ein ha ein samtale med telefontolk for å ynskje velkommen og høyre om det står greitt til. Kort tid etter busettinga vil Flyktningtenesta kalle inn til ein ny tolkesamtale der ein kartlegg tidligare arbeid og utdanning, og dannar eit bilet over deltakaren sine interesser og ferdigheter.



6.1 Flyktningtenesta si oppgåve med å halde kontroll på plikter og rettigheter ved busetting

I buseettingsfasen er det mange oppgåver som må gjennomførast for å sikre at rettigheter og flyktningen eller kommunen sine plikter vert overhaldne.

Flyktningtenesta brukar sjekkliste for å kvalitetssikre arbeidet.



Sjekkliste ved busetting

Namn _____ Merknad Dato gjennomført

Avtala busettingsdato med IMDi	Merknad	Dato gjennomført
Sende ut velkomst/busettingsbrev til personar i mottak. Overføringsflyktningar får det når dei kjem til Lærdal		
Informasjon om Lærdal med telefontolk. Omvisning i lokalsamfunnet (Butikkar, bank, skule, fritids- og kulturtilbod)		
Informasjon om introduksjonsprogrammet		
Rettleiing: Søknad på bustønad, husbanken		
Søknad om norskundervisning og introduksjonsprogram. Til Nav og LØS.		
Rettleiing: Søknad om sosialhjelp		
Rettleiing: Innbuforsikring		
Abonnement Lærdal Energi		
Abonnement Internett (Årdalsnett/Sognenett/Telenor)		
Rettleiing om rettigheter etter folketrygda. Andre aktuelle søknader: Døme: Barnetrygd? Bidrag?		
Rettleiing: Flyttemelding til folkeregisteret og posten.		
Søknad skattekort – skatteetaten.no		
Skrive husleigekontrakt/gå gjennom ordensreglar		
Informasjon om bustad (sortering, vasking, kjøken, kvitevara, brannalarm/apparat m.m.)		
Søk om MIN ID eller Buypass		
Rettleiing: Naudnummer, 110, 112, 113. Legevakt i Lærdal Tlf: 57669500		
Skriv vedtak om introduksjonsstønad socio Skriv vedtak om introduksjonsprogram		
Opne bankkonto/ Søkje om nettbank. Rettleiing om økonomi/bruk av nettbank, sette opp personleg budsjett		
Informasjon om bussruter Søke busskort – få ta i bilde til busskort		
Tilvising introduksjonsstønad og mogleg tilvising reisestønad, send økonomikontoret i Aurland		
Vedtak om norsk og samfunnsfagsopplæring Vaksenopplæring		
Rettleiing om TV- NRK lisens		
Rettleiing om Internett og pc bruk.		



(NB! Nokre antivirus program på nye pc'er går ut etter 1 mnd.) Bestill Officepakke til PC-en		
Branninformasjonsark på morsmål		
Informasjonsark om intro-ordning på morsmål		
Kartleggingssamtale med telefontolk		
Lage Individuell plan ut i frå kartlegging		
Rettleiing Helse/tannhelse- Fastlegeordning (bestille fastlege)		
Førebu som arbeidssøkjar, Nav.no		
Søkje om redusert foreldrebetaling viss den busette skal ha barn i barnehage		
Postkasse med namnelapp		

Det er eit delmål at flykningen skal delta i denne prosessen slik at dei lærer og skal klare å ordne sjølv ved til dømes neste flytting, ved neste kontrakt med banken og neste søknad om SFO osv.

Det er overordna målet er at dei skal verte sjølvstendige og ta ansvar for dette sjølv i framtida.

6.2 Tolketeneste

Lærdal kommune har inngått avtale med Hero Tolk. Alle flyktningar skal få tilbod om tolketeneste i møter og situasjoner det er naudsynt. Flyktningtenesta kan rettleie andre etatar/organisasjonar om bruk av tolketenesta. Telefontolk er mest vanleg og mest rimeleg. Det er mogleg å bestille oppmøtetolk. Kva tolketenester som skal nyttast skal samsvare med kommunaleiinga si vurdering i forhold til pris og kvalitet.

<https://herotolk.no/>

6.3 Bustad

Ved busetting vert flyktningane tildelt bustad som kommunen finn eigna. Ein gjev eit tilbod om bustad, og ved misnøye må flyktningar busett i kommune sjølv ordne ny bustad.

Lærdal kommune står bak IMDi sine føringer på bustad for flyktningar, men med eventuelle lokale tilpassingar.

Henta frå IMDi si informasjonsbrosjyre om busetjing av flyktningar:

<https://www.imdi.no/globalassets/dokumenter/andre-filer/informasjon-om-bosetting.pdf>

Bolig i bosettingskommunen

- ` Kommunen vil gi deg en bolig med enkel standard, ut fra opplysninger om dine behov og din livssituasjon. Det kan være en hybel, leilighet, eller at du deler bolig med andre i et bofellesskap.
- ` Du må bli boende på mottaket eller der du bor til kommunen har funnet en ledig bolig til deg. Deretter kan du flytte til kommunen.
- ` Bosetting i bofellesskap er en løsning som både er økonomisk gunstig for deg, og som kan bidra til at kommunen kan ta imot deg raskere. Hvis du kjenner noen som skal bosesettes, og som du ønsker å bo sammen med i bofellesskap, må du gi beskjed om dette til IMDi via mottaket. Hvis du ikke bor i mottak, må du gi beskjed direkte til IMDis regionkontor. Det er kommunen du skal bosesettes i som bestemmer om dere kan bo sammen.



‘Boligen du får tildelt av kommunen er et midlertidig botilbud. Målet er at du så snart som mulig skal skaffe deg egen leid eller eid bolig. Hvis du har lav inntekt, kan du ha rett til bostøtte. Du kan søke om startlån fra kommunen hvis du ønsker å kjøpe egen bolig.

6.3.1 Inventar

Bustaden er nøkternt møblert etter rimeleg standard. Møblar blir gjerne kjøpt bruk medan tekstilar og senger blir kjøpt nytt. Ved busetjing kan skal det være følgjande artiklar i husstanden:

- ✓ Vaskemaskin
- ✓ Kjøleskap
- ✓ Frysar
- ✓ Komfyr
- ✓ Kjøkkenutstyr (servise, bestikk, gryter/steikepanner og liknande i tråd med medlemmar i husstanden)
- ✓ Vatnkokar
- ✓ Støvsuger og vaskeutstyr
- ✓ Sengetøy og dynner
- ✓ Madrassar
- ✓ Handklede
- ✓ Belysning
- ✓ Tørkestativ
- ✓ Golvtepper
- ✓ 1 laptop pr husstand
- ✓ Postkasse med namnelapp
- ✓ Heilt enkel brødmat i bustaden ved busetjingstidspunktet. Brød, ost, smør og mjølk.
- ✓ TV til familiar. Enslege får PC
- ✓ Møblar som passar husstanden som sofa, bord, kjøkken/bord med stolar. Dette varierer etter storlek på bustad og husholdning.
- ✓ Elektrisk varmeomn eller fleire dersom bustaden ikkje innehavar vedfyring.

Etter fullført introduksjonsprogram vil alt lausøre som blei gjeve ved etablering bli flyktningen sin private eigedom. Kvitevarer som tilhørde bustaden ved busetjing og andre ting som er skrudd fast tilhører bustaden, jamfør Husleigelova.

6.3.2 Førarkort

Kommunestyret i Lærdal kommune vedtok samråystes 13. desember 2018 at busette flyktningar skal få dekka utgifter til førarkort klasse B. Det blei vedteke at einslege forsytarar skal få fullfinansiert førarkortet, medan alle andre får dekka 75% av utgiftene. Som ein del av vedtaket skal Lærdal kommune halde trafikalt grunnkurs. Alle midlar som blir brukt på tiltak knytt til førarkort blir henta frå integreringstilskotet.

Vedtaket har ikkje tilbakeverkande kraft. Utgifter som ein har hatt før vedtaket trådde i kraft vil ikkje bli dekka. Flyktning står sjølv ansvarleg for å finne køyreskule og må be om hjelp dersom Flyktningstenesta skal bistå med å ta kontakt med køyreskular.



Det er knytt nokre vilkår for at ein søknad om støtte til førarkort skal bli innvilga.

- a) Flyktning må være i integreringsperioden. Det vil seie at denne ordninga gjeld alle flyktningar som har inntil 5 år butid i Lærdal.
- b) Flyktning må dokumentera munnleg norsknivå på minimum A1-nivå.
- c) Flyktning må dokumentera bestått teoriprøve.
- d) Søkjaren må sende skriftleg søknad om dekking av utgifter til førarkoret.
- e) Ved flytting frå Lærdal komme før integreringsperioden er over blir kommunen sine kostnader knytt til førarkort for den enkelte gjort om til rentefritt sosiallån.

Vedtaket om førarkort til flyktningar - kommunalt tiltak; [http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_laerdal/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2018006734 &](http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_laerdal/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2018006734&)

6.3.3 Barnehage og grunnskule

I Lærdal kommune samarbeider Flyktningtenesta med Lærdalsøyri barnehage og Lærdalsøyri skule. Det er behov for tett dialog med barn, foreldre og samarbeidspartnarar fordi me alle ynskjer at barna skal bli godt integrert i Lærdal. Det er viktig at dei som arbeider med barna kvar dag kjenner familiar sin språklege og kulturelle bakgrunn for å gje barna ein trygg overgang til det norske fellesskapet.

Lærdalsøyri barnehage tilbyr redusert foreldrebetaling for personar med låg inntening. Flyktningtenesta syter for at flyktningane vert kjent med denne ordninga:

<http://www.laerdal.kommune.no/redusert-foreldrebetaling.409974.no.html>

Elevar i 1-10 klasse har rett på tospråkleg undervisning, særskilt norskopplæring og undervisning på eige morsmål fram til dei har gode nok norsk-kunnskapar til å forstå undervisninga på grunnskulen. Per i dag tilbyr Lærdal kommune ekstra norskundervisning for desse elevane. Målet er å gjere dei rusta til å starte på vidare utdanning og arbeidsliv i Norge.

Kjelde: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=grunnskule tospråkleg](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=grunnskule%20tospr%C3%A5kleg)

Flyktningtenesta har regelmessige møter med Lærdalsøyri barnehage, Lærdalsøyri skule og Helsestasjonen for å drøfte det felles integreringsarbeidet.

6.3.4 Skulefritidsordninga (SFO)

Flyktningtenesta vurderer at SFO er ein arena der barna vert integrert og ein læringsarena for norskspråket og norsk kultur. I tillegg er det viktig for foreldre i introduksjonsprogram med barn i SFO-alder, at barna har eit tilbod slik at foreldra kan delta 100% i programmet.

Gjennom erfaring dei siste åra ser Flyktningtenesta at SFO-tiltaket er det første flyktningane i introduksjonsprogram meldar barna ut av i periodar med avgrensa økonomi, for å redusere utgifter.

Det er ikkje barnetillegg i introduksjonsstønaden, slik det er på dei fleste andre stønadar. Dette fører til at foreldre i introduksjonsprogram kan ha større økonomiske vanskar enn andre utan barn. Barnetrygda



er låg og vil ikkje dekke SFO-utgifter. Flyktningtenesta ser at personar i introduksjonsprogram med barn må hyppigare få supplerande sosialhjelp enn einslege og par utan barn.

Av den grunn skal integreringstilskotet frå IMDi dekke foreldre i introduksjonsprogram sine utgifter til SFO - med verknad frå tidspunkt denne planen er vedteken i kommunestyret. Desse utgiftene vil kommunen få gjennom integreringstilskot til barn.

Ordningskunnskap skal vere fast i perioden denne integreringsplanen for flyktningar har verknad (2019- 2024). Økonomiske konsekvensar av tiltaket er utarbeida i vedlegg til sak om integreringsplanen.

7.0 Introduksjonsprogrammet og kvalifisering

Lærdal kommune tilbyr vaksenopplæring for flyktningar mellom 16 og 55 år etter Lov om introduksjonsordning for nykomne innvandrarar (introduksjonsloven). Flyktningane som blir busett i kommunen har både rett og plikt til å delta på programmet. Dei har rett på 550 timer norsk og 50 timer samfunnsfag. Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år, men i nokre høve kan ein utvide introduksjonsprogrammet til tre år. Deltakarar skal starte med introduksjonsprogrammet innan 3 månader etter busssetting.

Lærdal kommune tilbyr introduksjonsprogram der ein får undervisning tre dagar i veka, og språkpraksis to dagar i veka i lokale bedrifter. Målet med språkpraksis er at flyktningar skal få øve på norsk i arbeidslivet. Lærdal kommune er avhengig av at bedriftene stiller opp med språkpraksisplassar i integreringsarbeidet. Dei aller fleste bedriftene stiller opp og er positive til dette. I tillegg til undervisning og språkpraksis har flyktningar tilbod om leksehjelp.





7.1 Individuell plan

Kommunar er forplikta å gje flyktningar individuell oppfølging etter Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne flyktningar.

Individuell plan er eit verktøy som blir nytta i etableringsfasen, og blir revidert kvart halvår for å sikre framdrift i vegen mot utdanning og arbeidsliv. Planen blir utarbeidd i samarbeid med flyktning, vaksenopplæring, flyktningtenesta, Nav, med fleire dersom det er relevant. Flyktningen eig planen, dei skal bestemme kva som er deira mål og kva tiltak som skal til for å nå måla sine. Det er viktig å bygge på personen sine ressursar, interesser og kompetanse, og skape rom for kva dei kan tilby det norske samfunnet dei blir ein del av.

Kjelde: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80?q=introduksjonsloven>

7.2 Vidare utdanning

Flyktningar som kjem til Norge har ulike hjelpebehov når det gjeld utdanning. Nokre flyktningar har utdanningskompetanse frå heimlandet, og kan få godkjent utdanninga si i Norge via Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Nokre er midt i ei utdanning i heimlandet, og nokre har ikkje starta på vidareutdanninga si. Nokre treng fleire grunnleggande språkkunnskapar for å starte på vidaregåande skule. Mange har mista papira sine, og det er umogleg å få tak i dokumentasjon. Flyktningtenesta samarbeider med flyktningen, Lærdalsøyri skule og Sogn og Fjordane Fylkeskommune for å tilpasse eit utdanningsløp utifrå kvar flyktningen er. Karriere Sogn og Fjordane tilbyr rettleiing for den enkelte som nærmar seg ferdig med introduksjonsprogrammet, for å hjelpe dei å ta val for framtida.

Kjelder : <https://www.nokut.no/om-nokut/> , <http://www.karrieresfj.no/karriere-sogn-og-fjordane-1/> , <https://www.sj.no/utanlands-k-bakgrunn.407591.nn.html>

Mål : Førebu flyktningar til å delta i norsk arbeidsliv.

Ansvarleg	Tiltak	Samarbeidspartnarar
Flyktningtenesta	Utarbeide individuell plan ved oppstart introduksjonsprogram inkludert opplæringsplan. Revidere kvar 6 mnd for å sikre framdrift.	Flyktning Vaksenopplæringa Nav
Flyktningtenesta	Språkpraksis Oppfølging med flyktning i bedrifta kvar månad for å sikre framgang i språkutviklinga. Ivareta flyktning og bedrift ved å ha tett dialog med begge partar.	Flyktning Bedrift Vaksenopplæringa
Flyktning	Flyktningar pliktar å delta på undervisning og på språkpraksis, og blir lønna etter oppmøte. Ved sjukdom	Flyktningtenesta Vaksenopplæringa i Lærdal, og i Aurland



	skal dei levere eigenmelding etter gjeldande reglar. Ved ugyldig fråvær blir ein trekt i løn. Flyktning skal leve timeliste frå språkpraksis. Dei som ikkje er i språkpraksis deltar på leksehjelp og bingo, samt alternativ undervisning i Aurland kommune.	
Flyktning	Overgang frå introduksjonsprogram til utdanning/arbeid: Samarbeid med Nav, flyktningteneste og flyktning. Kartlegge ressursar og moglegheiter for utdanning, kurs og arbeid. Karriererettleiing.	Nav Flyktningtenesta Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Karriere Sogn og Fjordane
Flyktningtenesta	Førarkort: Flyktningar kan få innvilga stønad til førarkort. Flyktning må oppfylle gjeldande vilkår før ein søker. Flyktningtenesta handsamar søknaden. Delar av teorikurs kan takast på Lærdalsøyri skule.	Flyktning Lærdalsøyri skule
Flyktningtenesta	Flyktninggruppe: (koordinator) Fast møtearena i flyktninggruppa for samarbeid.	Lærdalsøyri skule Lærdalsøyri barnehage Helsesøster Psykiatrisk sjukepleiar NAV

8.0 Helse- og sosiale tenester

8.1 Kartlegge helsebehov ved busetting

Flyktningtenesta i Lærdal kommune innhentar samtykke i kartleggingsfasen hjå flyktningar for å sette dei i kontakt med den kommunale helsetenesta og tannlege. Tolk blir nyttta dersom flyktning har behov for det. Den kommunale helsetenesta gjennomfører naudsynte undersøkingar og føl flyktningar vidare opp i høve helse. Flyktningtenesta kan tilvise til psykiatrisk sjukepleier ved behov og ønskje. Helsestasjonen føl opp barnefamiliar og tilbyr rettleiing ved behov og ønskje.

Overføringsflyktningar som kjem direkte frå flyktingleirar skal ha undersøking innan ein månad, etter statlege føringar. Helsedirektoratet har ei rettleiingsside som kommunen kan nytte i arbeidet:



<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/asylsokere-flyktninger-og-familiegjenforente>

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-02-13-205?q=helse flyktninger](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-02-13-205?q=helse%20flyktninger)

8.2 Flyktningar i foreldrepermisjon

Frå 1. september 2018 kom det nye forskrifter til introduksjonslova. Kommunen plikter å tilby oppfølging og opplæring til deltakarar som er i permisjon frå introduksjonsprogram på grunn av fødsel eller adoptsjon. Grunngjeving for å tilby oppfølging i permisjonen, er at det er større for arbeid etter fullført introduksjonsprogram, dersom det er kontinuitet i norskundervisninga. Tilbodet skal vere individuelt tilpassa for den enkelte, og at kommunen tek kontakt med flyktningen på ein jamleg basis eller etter avtale. Tilbodet kan bestå i tilpassa norskundervising, digital heimearbeid, bruk av frivillige for å øve på å snakke norsk, barselgrupper, open barnehage m.m.

Kilde: <https://imdi.no/om-imdi/aktuelt-na/oppfolging-av-introdeltakere-i-fodselspermisjon/>, og *Forskrift om fravær og permisjon ved nyankomne innvandreres deltaking i introduksjonsprogrammet § 5-3 annet ledd og i Forskrift om opplæring i norsk og samfunnsfag for nyankomne innvandrere §13 annet ledd.*

Mål: Tilby helse- og sosiale tenester for flyktningar i introduksjonsprogram

Målgruppe	Tiltak	Ansvarleg
Nykomne flyktningar	Hjelpe å bestille fastlege på www.helsenorge.no	Flyktningtenesta
	Bestille time til tannlege dersom flyktning har behov.	Flyktningtenesta
	Bestille time hjå fastlege dersom flyktning ønskjer dette.	Flyktningtenesta
	Bestille time hjå psykisk helseteneste dersom flyktning ønskjer dette	Flyktningtenesta
	Bestille time hjå optikar for syntest dersom flyktning ønskjer dette.	Flyktningtenesta
	Fysisk fostring 1 time i veka.	Flyktningtenesta
Nykomne flyktningar	Oppfølging i høve naudsynt helsehjelp for vaksne og barn. Fastlege tilviser til spesialisthelseteneste ved behov.	Fastlege, helsestasjonen, psykisk helseteneste, jordmor, fysioterapeut.
	Tuberkolosetest og evt. behandling	Helsestasjonen
	Tilbod om vaksiner dersom det manglar i høve vaksineprogram.	Helsesøster



	<p>Oppfølging av barn og unge individuelt og i samtalegrupper på skulen.</p> <p>Undervisningstilbod for familiegrupper på vaksenopplæringa. Gje informasjon om kosthald, tannlege, skule, barnehage, helsetilbod. Avklare forventningar kring desse tema.</p> <p>Lavterskelttilbod : Hjelpe og støtte personar til å endre levevanar og førebygge livsstilssjukdommar.</p> <p>Individuell rettleiing og grupper.</p>	<p>Skulehelsetenesta</p> <p>Helsestasjonen/ psykisk helseteneste</p> <p>Frisklivssentralen</p>
Kvinner i fødselspermisjon	<p>Arrangere barselgruppe 1 t/ veka for alle foreldre i Lærdal som har foreldrepermisjon. Oppmuntre nye lærðøler til å bli med.</p> <p>Familieoppfølging, heimebesøk</p> <p>Arrangere tilpassa barselgruppe etter behov, der ein kan diskutere tema som kultur, vanar og barneoppdragning. Skape trygge rammer for å diskutere tema kring barn og foreldre, og knyte fellesskap med andre i same situasjon.</p> <p>BONUSBESTEMOR/BESTEFAR (kan bli eit nytt tiltak på sikt)</p> <p>Frivillige som kan besøke nye foreldre, og hjelpe til med å ta ein trilletur, praktiske oppgåver i heimen eller besøk. Dette kan vere positivt for både nyetablerte lærðøler og andre lærðøler som har eit lite nettverk.</p> <p>Leksehjelp 2 t/veka for flyktninger som ikkje har fullt språkpraksisopplegg.</p> <p>Bingo på aldersheimen 2 t/veka</p> <p>Norskundervisning 1t/veka</p> <p>Digital heimearbeid 1 t/veka</p>	<p>Helsesøster</p> <p>Flyktingtenesta</p> <p>Helsesøster</p> <p>Røde Kors</p> <p>Frivillighetssentralen</p> <p>Aldersheimen og flyktingtenesta</p> <p>Vaksenopplæringa</p> <p>Vaksenopplæringa</p>



8.3 Idrett, kultur, fritid og frivilligheit

Inkludering av flyktningar på sosiale arena i lokalsamfunna er viktig for ei god integrering i Norge. Flyktningar i Lærdal skal få tilbod om å delta på ulike arena for å skape sosial samkjensle med andre som bur i kommunen. Difor informerer Flyktingtenesta om kva kulturelle og fritidstilbod Lærdal kommune kan gje både barn og vaksne. Flyktingtenesta informerer og hjelper flyktningar å kome i gang med fritidstilboda dersom dei ynskjer dette. Dette skjer ved kartlegging i busettingsfasen, og ved revidering av den individuelle planen kvar 6 månad.

Mål: Inkludere flyktningar på sosiale arena i Lærdal kommune:

Målgruppe	Tiltak	Aktør
Alle	Tilby hjelp frå frivillige i Lærdal til sosiale/ praktiske gjeremål. Kafè, Drosjesykkel for eldre.	Lærdal frivilligsentral post@laerdal.frivilligsentral.no
Alle	Bruktbutikken «Brukte skattar» er open på onsdagar 12-18 Eldrekafeè Ymse aktivitetar	Lærdal kommune v/ psykisk helse - Doktorheimen https://www.facebook.com/doktorheimen/
Minoritetsspråklege barn	Symjekurs i Lærdal	Flyktingtenesta i samarbeid med Røde Kors (tilskotsmidlar frå fylkesmannen)
Alle	Tilby ei oversikt over fritidstilbod i Lærdal, og kontaktpersonar.	Oversikta til Lærdal kommune
Alle	Tilby organiserte aktivitetar innanfor idrett	Lærdal idrettslag http://laerdal-il.no/ny-laerdal-2/
Alle	Arrangerer turar i lokalområdet i Lærdal der alle kan bli med. Å gå på korte og lange fjellturar er populært i Lærdal kommune, og er difor ein god integreringsarena. Flyktingguide kan vere med flyktning på den fyste onsdagsturen	Lærdal turlag https://laerdal.dnt.no/ Flyktingtenesta ved behov
Flyktningar	Tilby «flyktingguide» Internasjonal cafe kvar andre onsdag i partalsveker kl. 18-20. Øyregata 13	Røde kors- handlingsprogram SFJ 2018-2010
Alle		Flyktingtenesta samarbeidspartner



Integreringsplanen er sendt på høyring til Røde Kors, Frivillighetssentralen, helsesøstrene i Lærdal, rektor for Lærdalsøyri skule, barnehagestyrar Lærdalsøyri barnehage og Nav Lærdal den 12. februar 2019.

Etter avtale med rådgjevar for plan i Lærdal kommune treng denne planen ikkje sendast på offentleg høyring.

Flyktningtenesta fekk tilbakemelding av Nav Lærdal, Røde Kors og Frivillighetssentralen innan fristen.

Flyktningtenesta i Nav Lærdal, 25.02.19.